



Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 29.06.2015
Vår ref.: 2015/5376-15
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.: 14/332 - 15/4647

Arkeologiske og marinarkeologiske registreringar – oversending av kostnadsoverslag til godkjenning – Bøvågen områdeplan – Radøy kommune

Viser til e-post motteke 19.05.2015 med framlegg til områdeplan for Bøvågen lagt til 1. gongs offentleg ettersyn, samt vår fråsegn i saka med varsel om arkeologisk og marin arkeologisk registrering datert 17.06.2015.

Det er stort potensial for funn av ukjende automatisk freda kulturminne både på land og i sjø. Delar av planområdet på har potensiale for nye funn frå steinalder, jernalder og mellomalder. Vedlagt er kostnadsoverslag for arkeologisk registrering både på land og i sjø. Registreringa på land vert utført med maskinell flateavdekking og prøvestikking med spade. Kostnader til gravemaskin kjem i tillegg. Kommunen sjølv kan stille med gravmaskin om ønskeleg. I så fall ettersender vi våre spesifikasjonar angående gravmaskin.

Bergens Sjøfartsmuseum har utarbeidd eit maksimumsbudsjett for undersøkinga i sjø. Museet understreker at beløpet er ein maksimumspris, og difor ikkje ein endeleg pris for undersøkinga. Kommunen må ta direkte kontakt med museet for å få utført feltundersøkinga.

Skriftleg godkjenning av kostnadsoverslaget med opplysningar om eventuelt organisasjonsnummer, samt signatur til den som er ansvarleg betalar, skal sendast til Hordaland fylkeskommune (scannet, signert svarbrev kan sendast pr. e-post). I kommunar der ein nyttar ressursnummer skal dette også gjevast opp. Når kostnadsoverslaget er godkjend vil vi ta kontakt for å få arbeidet utført så raskt som mogeleg. Vi gjer merksam på at kommunen vert fakturert berre for faktisk tidsbruk.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

1. Kostnadsoverslag - arkeologiske registreringar - Bøvågen områdeplan - Radøy kommune
2. Kostnadsoverslag - marinarkeologiske registreringar - Bøvågen områdeplan - Radøy kommune